



Kjartan Littlekare
Frotjold
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/18910 - 21/62509

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:
20.09.2021

Førehandsvarsel om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt gbnr. 465/14 Frotale - manglande igangsetjing og serviceavtale minirensesanlegg

Vi viser til vedlagt e-post frå Biovac Environmental Technology AS, datert 09.12.2020 med opplysningar om at det vart levert minirensesanlegg til deg i 2009. Anlegget er ikkje sett i drift og av den grunn vert det heller ikkje utført service på minirensesanlegget.

Vi viser også til telefonsamtale 15.12.2020 der du vart oppmoda om å kontakte Biovac for å få anlegget igangsett. Alver kommune har ikkje mottoke tilbakemelding frå deg eller Biovac om at dette er ordna og kommunen ber deg no om å rydde opp i tilhøva knytt til dette anlegget som ikkje er i drift.

Kommunen varslar med dette at vi vil påleggje dykk som grunneigar å få igangsett minirensesanlegget slik at det tilfredsstillar krav sett i utslippsløyve datert 26.08.2008, sak 159/08.

I dette brevet finn du informasjon om kva de kan gjere for å unngå pålegg.

Kommunens oppgåve og mynde

I forureiningslova § 48 er ei av dei kommunale oppgåvene at kommunen skal føre tilsyn med ureinings situasjonen i kommunen. Etter forureiningslova § 7 fjerde ledd kan kommunen gje pålegg ovanfor den som har ansvar for det ulovlege tilhøve, som er i strid med § 7 første ledd.

Grunngjeving for førehandsvarsel om pålegg og tvangsmulkt

Det følgjer av forureiningslova § 7 første ledd at «ingen må ha, gjøre eller sette i verk noe som kan medføre fare for forurensning» uten at det er gitt løyve».

I medhald av forureiningslova § 7 andre ledd kan kommunen pålegge den ansvarlege for forureinga, om å sørgje for tiltak for å stanse, fjerne eller avgrense verknaden av den. Med bakgrunn i nemnde tilhøvet, varslar kommunen om at det vil bli vurdert å gje pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt for å få brakt tilhøvet i lovlege formar.

Kommunen må få skriftleg tilbakemelding når utbetringa er utført.

Varsel om pålegg om retting og tvangsmulkt

Med heimel i forureiningslova § 7, blir de no varsla om at tiltaket må bli retta **innan 20.12.2021** og dokumentasjon på dette må sendast inn innan same fristen. Utbetring må skje ved at minirensanlegg vert tømt og igangsett av Biovac sin godkjente servicemann.

Med heimel i forureiningslova § 73 varslar Alver kommune om at vi vil ilegge tvangsmulkt dersom anlegget ikkje er igangsett innan **20.12.2021**.

Frist

Dokumentasjonen må sendast kommunen innan **20.12.2021**.

De har rett til å gje uttale før det blir fatta vedtak om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt. Det kan til dømes vere at de meiner opplysningane våre ikkje er rette eller at det finns andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetre forholdet.

Det vert gjeve ein frist på 3 veker frå mottak av dette brevet til å svare på førehandsvarselet. Alver kommune oppmodar dykk om å nytte uttaleretten.

Dersom vi ikkje har mottatt opplysningar som inneber at avløpssituasjonen tilfredsstillar krav sett i løyvet innan 3 veker vil vi fatte vedtak om pålegg og tvangsmulkt med same frist som i dette brevet.

Vi svarar gjerne på spørsmål på telefon 56375000 eller de kan sende e-post eller post til

- post@alver.kommune.no.
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug

Aktuelt regelverk

- Plikt til å unngå forureining følgjer av forurensningslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting med heimel i forurensningslova § 7.
- Ilegging av tvangsmulkt følgjer av forurensningslova § 73.
- Straffeansvar for forureining eller forsøpling framgår av forurensningslova §§ 78 og 79.

Ved all vidare kontakt i saka, ver vennleg og referer til sak nr: 20/18910

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Hogne Askeland
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Kjartan Litleskare

Frotjold

5936

MANGER